

Frikyrkja får kvinneleg pastor



Kjersti Gulli Petersen.

Kjersti Gulli Petersen (49) frå Oslo vert Ørsta frikyrkje sin fyrste kvinnelege pastor. Ho vert også den fyrste kvinnelege frikyrkjepastoren på Sunnmøre.

(Side 15)

Studiebygda skal stimulere til bulyst



Prosjektansvarleg i Volda kommune, Gunnar Andenes, prosjektleiar Ragne Ørstavik Sørheim og informasjonskonsulent Maricke Mulders i Studiebygda, seniorrådgjevar Marianne Solbakken i Distrikssenteret, seksjoneleiar Eivind Vartdal Ryste i fylkeskommunen og Anne Irene Myhr i Distrikssenteret var i Volda på møte fredag.

Bulystprosjektet Studiebygda skal i tida framover styrkje samarbeidet mellom høgskulen, næringsliv og innbyggjarane i kommunen. Målet er å få fleire til å busette seg i Volda.


(Side 10)

Vartdal-pasientar til Ørsta

Det vert slutt på langtidsopphald i sjukeheim på Vartdal Helsetun. I staden skal Vartdal-pasientar flyttast til Ørsta. Dette er eit resultat av at helsetunet skal verte bukollektiv.

(Side 11)

Proessen med å gjere om Vartdal Helsetun til bukollektiv er i gang.



Tango-feber i Volda



Tango-feberen herjar Volda. I helga vert det arrangert tangofestival i bygda med dansekurs, konsertar og fest.

(Side 5)

I gang med transformatorstasjonen

I Hovdenakken er ny anleggsveg på plass, og arbeidet med transformatorstasjonen har starta. Arbeidet med ny tilkomstveg frå riksvegen er også i gang, og vegen vil gå parallelt med vegen til Ørsta Skisenter.



Her skal transformatorstasjonen byggjast.

(Side 12 og 13)



Øyvind Aspenes Robak og Ruth Olina Lødemel dansar tango i vinterkalde Volda.

Varm tango i kjølig vinter-Volda

– Lat tangoen varme i vinter-Volda!

Øyvind Aspenes Robak tek tak i Ruth Olina Lødemel, kledd i knallraud, tettstijande kjole. Så svingar dei seg i tangodans på den harde snøen, medan sola kikar ned på dei.

Sensuell

Voldingane dansar denne helga seg varme med sensuell tango. Fredag skaut det fart på Mynå. Og medan dufta av nybakte bakarvarer og like dagsfersk kaffi breidde seg i det intime kafelokalet, vart det for første gong servert levande tangomusikk på Mynå. Tangolauguet, med Øyvind Aspenes Robak i brodden, spelte seg inn i hjarta til folket som klappa meir enn begeistra.

Tangokurs

Øyvind Aspenes Roba er meir enn gjennomsnittleg interessert i tangomusikk, og står bak tangofestivalen i Volda som inviterer til små intimkonsertar, dansekurs og festkveld.

– Tanken er at festivalen skal munne ut i ein milonga, der alle uansett nivå kan få danse til levande musikk, fortel Robak. Han ønskjer å spreie glede og varme gjennom tangofestivalen, og gje ei vitamininnsprøytning til folket gjennom levande musikk og tangodans.

– Dette starta på bordellane på slutten av 1800-talet i Buenos Aires i Argentina og Montevideo i Uruguay. I dag er tango stovereint og ei danseform som vert meir og meir populær.

– Det var då eg budde i Uruguay i starten av 2000-talet eg fekk skikkeleg sansen for tango. Og då fekk eg også lyst til å spele tango.

– Kva er mest utfordrande?

– Det er å vere fri nok i spelet, altså å lausrive seg frå rytmen, fortel Robak.

Røynd

Øyvind Aspenes Robak er ein røynd og dyktig musikar. Han spelar både fele og bandoneón, som er ein type trekkspel opphavleg frå Tyskland. Robak er utdanna på musikkonservatoriet i Trondheim og har spelt i ei rekke av landets beste tangogrupper. Robak har m.a. delteke i Kjempe-sjansen på NRK, då i gruppa Tangueros del Norte.

Robak står elles bak Ørsta bandoneónlaug som er ei interessegruppe for alle som likar bandoneón og tango på Søre Sunnmøre og andre stader.

Hjarte

Og no røskar han altså i voldingane sine dansehjarte. Og dei tek agnet:

– Mange har meldt seg på dansekurset, så her er tydeleg god interesse for tango i Volda. Ingen ting er betre! Syntest ein smørblid tangohovding.

Roy-Arne Folkestad



Tangolauguet, med Øyvind Aspenes Robak i brodden, spelte seg inn i hjarta til folket på Mynå i Volda.



Publikum var svært begeistra over å få servert tangomusikk av høg klasse.